



Årsmelding- Ålvik sokn 2025



Bilete frå Ålvik kyrkje og juletreff med tårnagentar januar 2026. Foto: Norunn Markhus

I denne årsmeldinga har me samla informasjon om kyrkjelydsarbeidet for Ålvik sokn i 2025. Soknet er lite og aktiviteten har vore begrensa gjennom året. Samtidig har hausten hatt meir aktivitet enn våren. Soknerådet har tru for auka deltaking og engasjement i kyrkjelyden for kommande år.

I 2025 hadde Ålvik sokneråd 7 møter. I tillegg har digitale plattformer vore nytta der det var mogleg.

Medlemmer av soknerådet

Leiar: Ida Lindøe

Nestleiar: Lisbeth Henriksen

Skrivar: Marie Skeie

Kasserar: Marie Skeie

Faste medlemmar: Karianne Saksgård; Gudveig Aga Augestad, Arvid Auganæs

Varamedlemmar: Åshild Egdetveit, Andre Dahle, Anders Kvarmestøl Aalvik, Helge Karlsøen.

Gudstenester

- Totalt 15 gudstenester (14 på søn-/helgedag, 1 utanom).

- Totalt deltaking: 629 personar.

Kyrkjelege handlingar

- 6 konfirmantar og 3 dåp

- 2 vigslar med totalt 21 deltakarar.

- 6 gravferder med 473 deltakarar.

Særlege gudstenester

- 1 konfirmasjonsgudsteneste (94 deltakarar).
- 1 julaftansgudsteneste (106 deltakarar).
- 1 helgemessegudsteneste (21 deltakarar).
- 1.mai (26 deltakarar)

Trusopplæring og arbeid med barn/unge

- Det har vore gjennomført eit trusopplæringstiltak dette året; 4 og 6 årssamling på hausten. Førsamlinga samla 15-20 stk- barn og vaksne, og gudstenesta med utdeling av bok til barna samla 55 stk.
- Konfirmantane har hatt undervisinga i Øystese, grunna at dei er så få. På lysmesse m/dåp på 1. søn. i advent var 2026- konfirmantar frå Fykse og Øystese med i tillegg til Ålvik-konfirmantane. Gudst. Samla då ca 90 stk.
- Det meste av trusopplæringstilbod skjer i andre sokn. Desse tiltaka er fellestiltak for heile Kvam, men særst få/ ingen frå Ålvik deltek på desse samlingane (babysong, Hallo Venn, småbarnstreff). Fleire permisjonar blant trusopplæringsmedarbeidarane har gjort det vanskeleg å oppretthalde tilbod om trusopplæring i ytterkrinsane av fellesrådsområdet
- Skulegudstenesta samla ca 50 stk, elevar var med på å pynte kyrkja til jul.
- I adventstida var det julevandring med barnehagen.

Diakoni og sosiale tiltak

I Ålvik har det vore

- 3 andaktar på institusjon/aldersheim.
- Besøksteneste med 1 registrert besøk.
- 6 strikketreff i sakrestiet. Huer og tepper blir sendt til nyfødtavdelinga på Haukeland sjukehus.
- Det fins tilbod om eldretreff i Øystese og Norheimsund som folk i Ålvik har høve til å delta på, men særst få/ingen deltek. Det fins deltakarar frå Ålvik på Kyrkjeklubben i Norheimsund (for menneske med funksjonsvariasjonar).

Musikk og kultur

- 1 julekonsert arrangert av korpset i samarbeid med soknerådet (173 deltakarar). Elles så har det vore fleire musikalske bidrag frå lokale krefter på gudstenester gjennom året. Ein særleg takk til Kor i alle dagar og til orgelelev Havstein Øvrevik som har deltatt ved fleire høve.

Frivillige og tilsette

- Totalt om lag 20 frivillige i kyrkjelyden.
- Aud Aga er tilsett i som kyrkjetenar (20%). Gyda Rosseland og Linde R. Hovdane har hatt klokkarstillinga (5 %). Prest deler ein med Øystese sokn og organistar og trusopplærarar med heile Kvam.

Kollekt og innsamling

- 1 misjonsavtale (Himalpartner) i samarbeid med Vikøy, Øystese og Strandebarm. Denne vart avvikla i desember 2025. Ny misjonsavtale med NMS (Madagaskar) trer i kraft innan 2026.
- Fasteaksjonen vart gjennomført av konfirmantane og dei samla inn 6710 kr.
- Offer/kollekt: 18 598 kr (3 743 kr til eiga verksemd). Andre offerformål: KRIK, Kirkens SOS, Kirkens bymisjon med fleire.

Kyrkjebygget

Det var vore gjort ein del vedlikehaldsarbeid ved Ålvik kyrkje, dette har i hovudsak vore med soknerådsmedlem Arvid Auganæs i samråd med kyrkjeverje, Olav Skeie Lid. Utelysa har fått nye brakettar, buskar er klypt, det er komme ny dør i skuret, store delar av murveggane er malt og det vart reinska ugras mellom hellene ute våren 25. Ein er flinke til å møte opp på dugnad i Ålvik .Det er i 2025 også komme inn pengar til å få spiret på plass igjen på klokketårnet.

Sluttkommentar

Det blei tilsett ny prest, Norunn Rød Markus, i juli i Ålvik og Øystese sokn. Det har vore svært gledeleg for soknet og me ser fram til større aktivitet i kyrkja i tida framover.

På vegne av Ålvik sokneråd,

Ålvik, 05.03.2026

Ida Lindøe,
-soknerådsleiar-